



Ryland Bygg As
Giil
6958 SØRBØVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3856 - 16/34084

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
13.12.2016

Vedkomande byggjegrense mot kommunalveg - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Administrasjonen syner til vårt brev datert 06.12.2016 vedkomande plassering av minireinseanlegg i forhold til byggjegrense mot veg.

Byggjegrense mot kommunal veg

Byggjegrense mot kommunal veg følgjer av veglova § 29 «*Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg. For gang- og sykkelveg er avstanden 15 meter (anten vegen er riksveg, fylkesveg eller kommunal veg). Føresegnene i dette leddet gjeld dersom ikkje anna følgjer av føresegnene i tredje, fjerde og femte ledd. Avstanden skal reknast frå midtlinia i høvevis kjørebana, eller gang- og sykkelvegen»*

I dette ligg at det er ei generell byggjegrense mot kommunal veg på 15 meter, og at dette skal reknast i frå midt veg.

Det er skildra unntak i frå dette kravet. Tredje, fjerde og femte ledd skildrar unntak knytt til riksveg og fylkesveg.

Innleiningsvis heiter det i § 29 at «*Langs offentleg veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven.»*

Avlaupsanlegget skal etablerast innafor feltet A2, som er skildra i kommuneplanen. Feltet A2 er avgrensa med ei *formålsgrense* som skildra i kommuneplanens arealdel. Det er ikkje regulert inn ei byggjegrense innafor felt A2.

Det vil i difor i denne saka vere veglova § 29 som gjeld, og byggjegrense mot midt veg er 15 m.

Søknad om dispensasjon

I administrasjonens brev av dato 06.12.16 går det fram at De har mogelegheit å søkje om dispensasjon i frå dette avstandskravet. Det vart i forbindelse med dette etterlyst av ansvarleg søker ei presisering med hensyn til nabovarsel og dispensasjon etter veglova.



Det er ikke krav om nabovarsel etter veglova.

Vi ber om ei tilbakemelding på om De ynskjer å søkje om dispensasjon eller søker om endra plassering av minireinseanlegget. Frist for tilbakemelding går fram av brevet 06.12.16. **Frist er satt til 13.01.17.**

Vi gjer merksem på at vedtak i saka skal i etterkant av Plan- og miljøutvalet sendast til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Vi gjer difor merksem på at plassering av minireinseanlegg innafor byggjegrense mot veg kan overprøvast av Fylkesmannen. Vi ber om at De tar dette med i vurderinga.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ryland Bygg As
Signhild Dyrkolbotn

Giil
Dyrkolbotn 119

6958
5994

SØRBØVÅG
VIKANES